

VEDTEKTER

FOR SKULFRITIDSORDNINGANE (SFO) VED SKULANE I HAREID KOMMUNE

§1 EIGARTILHØVE

Hareid kommune eig og driv skulefritidsordningane i kommunen.

Levekårsutvalet er ansvarleg politisk styringsorgan.

Skulefritidsordninga i kommunen er administrert av kommunalsjef for læring og kultur.

Rektor er administrativ og fagleg leiari for ordninga ved sin skule.

§2 FORMÅL

SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi barna omsorg og tilsyn, jf. opplæringslova paragraf 13-7.

Rammeplan for SFO har status som forskrift med heimel i opplæringslova paragraf 13-7.

Opplæringslovens kapittel 9 A om elevane sitt skulemiljø gjeld også for SFO.

SFO er eit frivillig tilbod i fritida til elevane. Det skal i samarbeid med heimen bidra til trivsel og glede i sjølvvatt leik og tilrettelagte aktivitetar. Det beste for barnet skal alltid vere grunnleggende.

§3 BEMANNING

Rektor kan utpeike ein koordinator av SFO-ordninga ved sin skule.

Bemanninga er tilpassa barnegruppa og består av SFO-koordinator, fagarbeidarar og assistenter.

Bemanningsnorma er 15 barn per vaksen. Bemanning knytt til barn med særskilte behov kjem i tillegg til norm.

Ved tilsetting blir det lagt vekt på kompetanse, søkjarar med fagbrev og personleg eignaheit blir prioritert. Det blir kravd politiattest ved tilsetting, jf. paragraf 10-9 i opplæringslova. Tilsette ved SFO har teieplikt etter forvaltningslova paragraf 13.

§4 LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

SFO disponerer ute- og innearealet ved den einskilde skule. Lokala skal vere tilpassa den aktiviteten som blir driven. Vedteke areal ved SFO i Hareid kommune er på 3 kvadratmeter per barn.



§5 ORDINÆR OPNINGSTID

SFO i Hareid kommune har ordinær opningstid før og etter skuletid for 1.-4. trinn, og for barn med særlege behov på 5.-7. trinn. Opningstida er fra kl. 7.00 – 16.30, måndag til fredag. Tilboden følger skuleåret, fra midten av august til midten av juni. Opningstida kan bli redusert der som ikkje tilstrekkeleg mange born har behov for at tilboden er ope. Dette blir kartlagt på skjemaet «avtale mellom heimen og SFO» ved den einskilde SFO-eininga.

SFO er ope når skulen har fri, med unntak av:

- fem planleggingsdagar
- feriestengt fire veker på sommaren; veke 28, 29, 30 og 31
- høgtidsdagar
- jul- og nyttårsaftan
- onsdag før skjærtorsdag stenger vi kl. 12.00.

§6 FERIE-SFO

Ferie-SFO er eit tilbod dei dagane skulen og det ordinære SFO-tilboden er stengt.

Dette gjeld:

- dei to første vekene før skuleåret startar i midten av august.
- haustferien
- juleferien
- vinterferien
- påskeferien
- etter skuleslutt i midten av juni.

Føresette må melde barnet på ferie-SFO uavhengig av det ordinære tilboden.

Ferie open SFO er samla for Hareid kommune ved Hareid skule SFO.

Assisterande rektor ved Hareid skule har ansvar for optak av barn til ferietilboden.

Det blir kravd ekstra betaling for ferieopphald. Påmeldingsskjema blir sendt ut til alle som har SFO-plass i kommunen. Det må vere minimum seks påmelde for at det skal bli gitt eit ferietilbod.



§7 OPPTAK

Elektronisk søknadsskjema ligg på Hareid kommune si heimeside, hareid.kommune.no

Kommunen har eit hovudopptak til ordinært SFO-tilbod med søknadsfrist 15. april

Ved søknad om plass utanom årleg søknadsfrist, må skulen ta omsyn til bemanning og eventuelt andre ting før barnet får tilbod om plass.

Prioritet ved opptak er:

- elevar frå 1. og 2. trinn
- elevar med særskilte behov på 3.-7. trinn
- elevar frå 3. og 4. trinn

Plass i SFO gjeld frå tildeling fram til og med 4. trinn, eller til plassen blir sagt opp av føresette eller kommunen.

Ved søknad kan ein velje mellom to plassstilbod:

- heil plass, 24 timer per veke
- delt plass, 12 timer per veke

Timetalet kan disponerast fritt innanfor den ordinære opningstida, men føresette til kvart barn må levere inn ei oversikt over planlagt bruk av SFO-tid, for heile eller deler av skuleåret. Bemanninga blir tilpassa dette.

Om det er færre enn seks born som søker om SFO-plass, må kommunen vurdere om det skal bli gitt eit SFO-tilbod på skulen.

Alle barn på 1. trinn har tilbod om 12 timer gratis SFO per veke, uavhengig av kva SFO-tilbod barnet har søkt på (12 eller 24 timer). Desse 12 timane blir trekt frå på brukarbetalinga. Merk at 12 timars-tilboden kan berre nyttast etter skuletid.

§8 OPPSEIING AV PLASS/ENDRING AV PLASS

Oppseiing/endring av plass skal gjerast digitalt via Hareid kommune si heimeside hareid.kommune.no

Oppseiingstida er første heile månaden etter at oppseiinga er levert. Det er betaling på etter-skot og månaden etter oppseiing må betalast. Dersom plassen blir sagt opp etter 31. mars, må ein betale ut skuleåret.

Blir SFO-plassen sagt opp i juli, blir det sett krav om betaling for august (1/2 månadsbetaling).

§7 BRUKARBETALING

Ordinært SFO-tilbod:

Satsane for foreldrebetaling blir fastsette av Hareid kommune for kvart budsjettår. Det kan bli prisjustering frå 1. januar eller 1. august.

Matpengar kjem i tillegg til betalingssatsen for begge tilboda.



Ordinær brukarbetaling er fordelt slik at ho dekker frå skulestart midten av august til siste skuledag i midten av juni. Det blir fakturert for halv månad i august, heil månad september-mai og halv månad i juni. Det er betaling i etterkant, det vil seie at faktura for august kjem i september, faktura for september i oktober og så bortetter. Om de ikkje har motteke faktura første månad etter oppstart på SFO, så ta kontakt med skulen og meld frå om det.

Om barnet blir henta etter stengetid/utover sine timer, blir føresette belasta for på begynt time ut frå gjeldande satsar.

Moderasjon:

Det blir gitt søskenmoderasjon: 30 prosent for barn nummer to og 50 prosent for barn nummer tre og så bortetter. Moderasjonen blir gitt på billegaste plass.

Familiar til barn på 1.-4. trinn med låg inntekt kan søke om redusert pris på SFO. Ingen hus-hald skal betale meir enn 6 prosent av brutto årsinntekt for ein plass i SFO.

Familiar med barn med særskilte behov på 5.-7. trinn har rett på gratis SFO.

Familiar med barn på 1. trinn får dekt 12 timer per veke med SFO. Dette blir trekt frå på fakturaen.

Ferie-SFO :

I haustferien, juleferien, vinterferien og påskeferien:

må det betalast ekstra om barnet skal bruke meir enn sitt ordinære tilbod på 12 timer i veka eller 24 timer i veka. Dette blir avtala ut frå bindande påmelding.

Betalinga er ut frå gjeldande timepris som står på påmeldingsskjemaet.

Sommar-SFO:

Tilbodet gjeld tida etter siste skuledag midten av juni og fram til første skuledag i nytt skuleår midten av august. Det vil bli sendt ut bindande påmeldingsskjema for desse vekene. Sidan dette ikkje er ein del av ordinært SFO-tilbod, må det i si heilheit betalast per påmeldt time. Betalinga er ut frå gjeldande timepris som står på påmeldingsskjemaet. Påmeldte timer på betalast sjølv om barnet skulle ta fri eller bli sjukt. Timer utover påmeldt tid må også betalast.

Born frå 1. trinn kan nytte 12 timer per veke gratis også på sommar-SFO innanfor oppgitte timer som står på påmeldingsskjemaet.

Andre opplysningar:

Ved tildeling av plass ved SFO må uteståande beløp for tidlegare opphold i barnehage/SFO vere betalt før barnet kan ta til ved SFO.

Ved manglande betaling, misser barnet plassen sin ved SFO. Kommunen gir varsel om dette seinast 1 månad på førehand. Oppseiinga gjeld frå den 1. i månaden etter og oppseiingstida er 1 månad.



§9 ÅRSPLAN

Ved kvar skule/SFO skal det utarbeidast ein skriftleg årsplan for innhald og organisering av SFO. Denne skal vere i tråd med den overordna kommunale kvalitetsplanen.

Skulen sitt verdisyn gjeld også for SFO.

§10 ANSVAR

SFO har ansvaret for elevane i opphaldstida. SFO har dermed ikkje ansvar for elevane etter det tidspunkt dei har skriftleg avtale om å forlate ordninga. Dersom eleven forlet SFO-ordninga for å delta på anna aktivitet i SFO-tida, har ikkje SFO ansvar for eleven, sjølv om den har plass på SFO i det aktuelle tidsrommet.

Det er foreldra sitt ansvar å bringe og hente eleven til SFO.

§11 TEIEPLIKT

Dei tilsette har teieplikt og opplysningsplikt etter same reglar som gjeld for tilsette i skulen, jf. opplæringslova paragrafane 15-1, 15-3 og 15-4.

§12 POLITIATTEST

For tilsetting gjeld krava om politiattest etter reglane i opplæringslova paragraf 10-9.

§13 VEDTEKTSENDRING

Endringar i vedtekten skal leggast fram for levekårsutvalet.

Prinsipielle og vesentlege endringar skal handsamast av kommunestyret.

Vedtektsendringar krev vanleg fleirtal.

§14 IVERKSETTING

Vedtekten er gjeldande frå 01.08.2022.